

Hei

På måndag 16. mars startar vi opp med gravearbeid i krysset Vikemyra/Gjerdegata (Trillenkrysset).

Det vil bli omfattande anleggsarbeid der og krysset vil vere stengt fram til midten av juli.

Gjerdegata skal seinkast ein del inn mot krysset og krysset skal strammast opp.

Det skal også bli etablert fortau og droppsone i Gjerdegata.

Anleggsarbeidet vil påverke skulevegen til ein del elevar, spesielt dei som bur på sørsida av sentrum og dei som kjem med buss til haldeplassen i sentrum.

Det vil også påverke biltrafikken og busstransport (badebuss) som no berre vil kunne kome inn i Gjerdegata frå vest.

Kartet viser området som blir stengt og nokre alternative ruter for dei mjuke trafikantane.

